

Overvaking skogshønsreir 2014

Bakgrunn: Skogshøns er storfugl, orrfugl, jerpe, lirype og fjellrype. Rugeperioden er for skogshøns ei lagnadstung tid. Det er krevjande for høna å leggja og ruga egg. Høne og egg er næringsrik mat for rovdyr. Om høna trykkjer hardt for at nærmande rovdyr ikkje skal oppdaga reiret, kan ho verta drepen. Flyg ho av på lengre hald, vil rovdyret finna reiret og røva det. Er næringstilgangen god, kan ho då leggja nye egg i nytt reir. Om ruginga lukkast, kan 7 -12 kyllingar koma til verda, om det mislukkast kjem ingen. Reiroverlevinga kan vera viktig for populasjonsutviklinga. For folk er det vanskeleg å finna reir; til no har me hatt mangelfull kunnskap om drivkreftene som påverkar reirpredasjonen hjå skogshøns i tid og rom – og korleis reirpredasjon påverkar populasjonsdynamikken til skogshønsa.

I 2009 - 2013 har me i Hedmark og Nord-Trøndelag (samarbeid HINT) funne og undersøkt 359 skogshønsreir. Dette har for HH resultert i to bacheloroppgåver, ei masteroppgåve, eit vitenskapleg manuskript (innsendt, returnert for endringar, endra og innsendt på nytt) og mange populær- og vitenskaplege foredrag og mediaoppslag. Vonleg er mesteparten rapportert i Christin i namna til Torfinn Jahren og Torstein Storaas. I tillegg har det for HINT resultert i

Feltarbeidet fram til og med 2011 vart finansiert av Gotaasfondet administrert av Oslo Jeger og Fiskerforening. I 2012 og 2013 vart arbeidet gjennomført ved hjelp av økonomisk stønad frå Viltfondet sentralt, Hedmark fylkeskommune ,HH og HINT. HH har tilsett stipendiat som arbeider med prosjektet. Prosjektet vil verta avslutta i 2016.

I 2013 var vårbestandane av skogshøns låge, med stor innsats fann me 32 reir i Hedmark og 29 i Nord-Trøndelag. Me har over tid funne bra med storfugl- og orrfuglreir, men for få rypereir. Rypene er små, dei lever i ope lende og mekanismane rundt reirryving kan vera annleis enn for større fuglar i skogen. I 2013 radiomerka me ryper i Nord-Sverige. Me fann få reir, men lærde teknikken. Me ser det som avgjerande å finna fleire rypereir for å kunna samanlikna predasjonen langs ein storleiksgradient (storleiken av rugande høner) og langs ein gradient frå heilt ope til tett skog rundt reiret. Me har mellom anna sett at kråkefugl røvar få orrhøne- og røyreir, og at røyer jagar kråker frå reiret. Det er mogeleg at kråkefugl er langt viktigare predatorar i ope terreng med små ryper som er vanskelege å finna på reiret med hundar, og då truleg ogso for revar. Rypereir er viktige for vår vidare forståing.

Feltarbeidet i 2014

1. Me vil finna skogshønsreir som tidlegare: 1)Gjennom skogbruksnæringa, 2) Ved å be om reir gjennom media, og 3)Ved at friviljuge faglehundfolk leitar etter reir.
2. Me vil radiomerka 40 lirypehøner i område i Østerdalen og x reir i Nord-Trøndelag for å finna reira deira. Rypefangsten og flypeilingane i Nord-Trøndelag vil skje i samarbeid me Erlend Nilsen og Hans Christian Pedersen i NINA.
3. Me vil invitera BA og MA-studentar til å bruka dei radiomerka lirypene gjennom året for å løysa andre gåter i deira oppgåver.
4. Me vil måla same parametrane ved reira som før.

Hovudmål: Forstå drivkreftene som påverkar reirpredasjon hjå skogshøns i tid og rom – og korleis reirpredasjon påverkar populasjonsdynamikken til skogshøns.

Delmål for 2014

1. Finna og registrera parametrar ved minst 60 skogshønsreir.
2. Radiomerka inntil x rypehøner og finna reira til dei som over tid ligg på egg (ikkje vert drepne eller reiret vert røva med ein gong dei byrjar ruga).
3. Få publisert artikkelen: Jahren, T., Storaas, T., Moa, P. F., & Hagen B. R. *Nest loss in capercaillie and black grouse – increased losses to red fox and pine marten.* – Wildlife Biology. Artikkelen har vore innsendt, fått kommentarar og er under omarbeiding.
4. Få sendt inn artikkelen: Jahren, T., Storaas, T., Willebrand, & T., Moa, P. F. *Ecological determinants affecting capercaillie and black grouse nest survival at two spatial scales.*

Feltarbeid og utstyr

Me har no tilstrekkeleg med kamera for å gjennomføra feltarbeid som tidlegare år, men treng batteri, større minnekort og stønad til køyring. Me har bruk for utstyr til fangst, merking og oppfølging av rypene. Her inngår godtgjersle til køyring og for studentar.